

Program



Raud Valallianse **i Sogn og Fjordane**

* * *

FYLKESTINGSVALET 1983

TOM SIDE

**Program
for
Raud Valallianse
i Sogn og Fjordane**

INNHALD:

I	Mørke skyer over ei verd i naud	S.	3
II	Krise for dei mange - rikdom for dei få	"	4
III	Å vera utkantfylke	"	6
IV	Sektorprogram:		
	1. Industri	"	8
	2. Energi	"	11
	3. Jordbruk	"	12
	4. Fiske	"	14
	5. Samferdsle	"	15
	6. Helse/sosial	"	17
	7. Ungdom, skule og utdanning	"	21
	8. Kultur	"	23
	9. Beredskap	"	25
V	For likestilling og nye kjønnsrollar	"	28
VI	Vår kritikk av kapitalismen.	"	29
	Eit nytt system: Sosialismen.	"	30

KAP. I

Mørke skyer over ei verd i naud

Vi lever i ei verd der ein liten del av menneska lever i relativ overflod, medan det store fleirtalet lever eit liv med fattigdom, epidemiar og tilmed sveltetød. Det går føre seg krigar mellom land som omfattar ein fjerdedel av verdsbefolkninga. Dei to gigantane Sovjet og USA fører ein beinhard kamp om herredømet i verda og er dermed kjelda til ein ny storkrig. I denne samanheng er Noreg eit fredeleg hjørne. Men vi har eit stort ansvar overfor dei som i dag er offer. I morgon kan det vera oss.

- stø den tredje verda sin kamp for ei ny økonomisk verdsordning.
- gå inn for at små land som Noreg byggjer opp eit sterkt invasjonforsvar - uavhengig av NATO.
- gå mot utplassering av nye atomvåpen. På lengre sikt må USA og Sovjet pressast til å øydeleggja alle A-våpen.
- gå inn for å auke den reelle støtta til U-land.
- gå mot at Noreg investerar i den fattige verda for å trekkje ut rikdommar eller inngår avtalar som favoriserar den sterke parten.

RAUD VALALLIANSE VIL

- stø alle frigjeringsrørsler og alle land som kjempar mot erobringsframstøytta til supermaktene.
- stø alle tiltak, politiske og økonomiske, som vil svekke USA og spesielt Sovjet sine framstøyt.

KAP. II

Krise for dei mange - rikdom for dei få

Noreg er i dag i stand til å produsere meir varer og tenester enn nokon gong før.

Teknologiske nyvinningar i produksjonen, utvikling av data osv. har gjort det mogleg for folk flest å få stetta behova sine fullt ut.

Men eigedomsforholda og dermed dei økonomiske drivkreftene i dette samfunnssystemet gjer at vi ikkje får nokon variøg tryggleik.

- Bedrift etter bedrift permitterer eller legg ned verksemda.
- Heile bygdesamfunn som Sulis, Svelgen og Tyssedal står overfor kampen for å eksistera eller dø.
- Køen av arbeidslause har nådd 70 000 og er større enn nokon gong sidan krigen. Kvar tiande arbeidslaus er ungdom som står framfor eit liv i uvisse og utan meining. Samfunnet har ikkje bruk for dei.

Busetjingsmønsteret er truga av ei ny sentraliseringsbølge.

Effektiviteten og produktiviteten i næringslivet skal opp. Strukturrasjonaliseringa frå 60-talet blir blåse nytt liv i gjennom Buvik-utvalet si innstilling.

- Fylgjene av alle desse problema slår ut i aukande psykiske problem, stoffmisbruk, kriminalitet, men også i rettferdige protestar.

Alt dette skjer samstundes med at:

- Det har foregått ei kraftig omfordeling mellom arbeidarar og arbeidskjøparar, av kven som får verdiane av produksjonen.

Fordeling av verdiskapinga i næringslivet mellom eigarar og lønsmottakarar:

	<u>1977</u>	<u>1980</u>
Løn	70%	56,4%
Eigarinntekt	18,2%	34,0%

(Kjelde: "Økonomisk utsyn over 1980").

- Staten sine inntekter på olje og gass aukar kraftig. I 1982 var inntektene komne opp i 29 milliardar. I år 2020 er inntektene "forventa" til 111 milliardar.
- Statsinntektene går i større og større grad til investeringar i utlandet. Noreg er på veg opp som ein stor blandt dei små.
- Oljeselskapa har Klondyketider. I 1982 var inntektene etter fråtrekt skatt og investeringsutgift 19 milliardar. Beløpet aukar.
- Staten har gjennom Norges Bank store valutareservar i utlandet. I april 1983 utgjorde desse reservane 47 milliardar. Samstundes er utanlandsgjelda nedbetalt gjennom 1983-budsjettet.

Ein går difor inn for at statsinntektene på olje og gass skal nyttast innanlands:

Stopp kapitaleksporten som berre gjer dei store større!

BRUK OLJEMILLIARDANE TIL Å

- halde oppe standarden i helse- og sosialsektoren, skuleverket osv.
- betre ut samferdslenettet, spesielt

i distrikta. Fullføring av Nord-Noreg-bana.

- Avvis raseringsplanane av bygde-Noreg slik Buvik-utvalet si innstilling legg opp til. Ingen omstilling før nye arbeidsplassar er etablerte.
- Nei til det nye inntekts-systemet. Reelle statlege refusjonar etter ei fast prosentsats på 75%.
- Statlege garantiar for arbeidsplassane i skips-industrien.
- Drastisk endra skattelegging som let dei store betala.

KAP. III

Å vera utkantfylke

I eit samfunn som utviklar seg etter kor det er maksimal fortjeneste å finna, blir distrikta liggjande etter økonomisk.

Transportavstandane til salsmarknadene er ein av dei viktigaste årsakene til dette. Å få til industrireisning i distrikta har difor vore eit gjennomgåande problem, og avfolkningsproblemet har dermed fylgt distrikta som kjerra etter hesten. Låg folkesetnad verkar i sin tur inn på omfanget av skuletilbod, helse- og sosialtenester, kulturtilbod osv., noko som også gjer det mindre attraktivt å bu i distrikta.

I etterkrigstida har det vore brei politisk semje om å gje distrikta ein viss prioritet. I 60-åra fekk vi Vestlandsplanen som m.a. skulle "hanka opp" fråflyttinga gjennom at det vart etablert såkalla vekstsentra. Distriktenes Utbyggingsfond har òg vore eit resultat av ynsket om å halda oppe næringslivet og folkesetnaden i distrikta.

Dei siste åra har staten meir og meir forlete denne politikken med offentlege tiltak overfor distrikta. Dels har dette skjedd gjennom staten sin økonomiske politikk overfor kommunane og fylka. Fleire og fleire av staten sine tidlegare oppgåver er overførte til lågare nivå, men utan at kommunar og fylke er sett økonomisk i stand til å ta seg av desse oppgåvene praktisk. Dette har skapt alvorlege problem for lokalsamfunna og sett kommunar og fylke i ein meir eller mindre permanent økonomisk krisesituasjon.

Det andre området staten no legg om i forhold til tidlegare, er gjennom den offisielle distriktpolitikken, som m.a. kjem til uttrykk gjennom Buvik-utvalet si innstilling. Dette er ei utgreiing der 104 stader blir utpeika som einsidige industristader og spådd ei dyster framtid. Medan Vestlandsplanen gjekk inn for ei omlegging frå jordbruk til industri og service, går Buvik-utvalet si innstilling inn for ei omlegging frå industri til arbeidsløyse og flytting. Både Høgre og Arbeidarpartiet går i grove trekk inn for ei slik utvikling.

RV vil m.a. gå inn for at

- Distrikta må ha retten til å leva. Nei til ny struktur-rasjonalisering! Kva er Noreg utan bygde-Noreg?
- Skatteutjammingsmidlane må aukast og ikkje reduserast. Skatteutjammingsfondet må bli statsfinansiert.
- Dei fleste kommunane må ned att i låg sone for arbeidsgjevar-avgift.
- Auka og ikkje senka bruk av distriktpolitiske verkemiddel.
- Auka løyvingar til samferdsleformål i distrikta.

For Sogn og Fjordane vil RV m.a.

- Gå mot krisebudsjetta for dei komande åra. Fylket må gjera opp underskotsbudsjett i tråd med dei oppgåvene som folk i fylket har trong for å få løyst. Krisa i fylkesøkonomien er Kommunaldepartementet sitt ansvar og ikkje befolkninga.
- Gå inn for at Fylkestinget skal bli eit forum som forsvarar fylket sine velferdstilbod - om nødvendig med metodar som tilbakehalding av statsavgifter, oppmoding om omfattande protestaksjonar eller å skru av eksportkrafta.

Det er Departementet som bryt norsk lov og driv "offentleg ulydnad" når det på den eine sida t.d. pålegg kommunar og fylke å ta seg av eldreomsorga medan dei på den andre sida ikkje tilfører nok midlar til at eingong pleiepasientar får eit forsvarleg tilbod.

Det nyttar ikkje lenger å stå med bøygd nakke og lua i handa overfor Staten! Husmannstida er forbi også i Sogn og Fjordane!.

KAP.IV

Sektorprogram

Industri Industrien generelt i Sogn og Fjordane har vore - og blir i stadig større grad - avhengig av sterke distriktspolitiske verkemiddel. Produktiviteten i dei fleste industribransjane ligg under landsgjennomsnittet og nesten 90% av verksemdene er i nasjonal samanheng å rekna for småbedrifter med under 50 arbeidrarar.

For å sikra sysselsetjing og busetjing er RV for at dei distriktspolitiske verkemidla blir auka og ikkje reduserte. Industrien er konsentrert om smelteverk, næringsmiddel, skipsbygging og tekstil/konfeksjon.

Alle desse bransjene har fått merka utslaga av den økonomiske krisa:

- Nedsett arbeidsveke, permitteringar eller nedlegging.

I dag er problema størst for arbeidsplassane i skipsbyggings- og smelteverksindustrien.

SKIPSBYGGING. For mange lokalsamfunn i Sogn og Fjordane er skipsbyggingsindustrien avgjerande for sysselsetjing og busetnad. Ein del lokalsamfunn har direkte tilknytning til store verft, andre til småverksemdar som sel sine tenester til desse. Skipsbyggingsindustrien er breidt samansett og spenner over eit stort fagleg og teknologisk spekter.

- RV vil arbeide for at vi opprettheld dette avanserte faglege miljøet i distrikts-Noreg.

I Sogn og Fjordane er kommunane Florø og Førde døme på typiske "verftskommunar". Tilsaman sysselset verfta i Florø og Førde 860 personar direkte, indirekte omtrent tilsvarande.

Ein stans ved desse verksemdene vil resultere i ei arbeidsløyse på om lag 1 600 menneske. Ein langvarig stans vil resultere i rasering av utkantstroka Ytre- og Indre Sunnfjord.

- RV vil sjå det som ei av sine viktigaste politiske oppgåver å sikre verfta i Florø og Førde.
- RV vil søkje samarbeid med dei tilsette i vanskelegstilte industriverksemdar, og saman med dei fremje forslag som kan presse Regjering og Storting.
- RV meiner at Noreg har bruk for ein skipsbyggingsindustri. Vidare at denne industrien må oppretthaldast på eit nivå som sikrar det faglege miljøet denne industrien står for.
- RV meiner at Ulveseth-utvalet si fleirtalsinnstilling må leggjast til grunn for talet på arbeidsplassar innanfor nybygging av skip.
- RV går mot at oppdrag til utbyggingar på Norsk kontinental-sokkel vert "sette bort" til utanlandsk industri så lenge det er ledig kapasitet i Noreg.
- RV vil arbeide for auka statlege investeringar som kan hjelpe på vanskane i verftsindustrien.
- RV vil arbeide for betre finansierings- og støtteordningar til skipsbyggingsindustrien.
- RV meiner det er dårleg samfunnsøkonomi å betale ut millionar i arbeidsløysepengar kvar veke når tilsvarande beløp kunne sikre sysselsetjinga i industrien.

SMELTEVERK. Det er no hausten 1983 ein viss oppgang i prisane på aluminium. Men vi veit at konjunkturane for aluminium svingar raskt. ASV vil difor om kort tid kunne komme i ein situasjon med produksjon for lager. Ytterlegare rasjonalisering og innskrenking i talet på arbeidsplassar blir dermed resultatet.

- RV krev at talet på arbeidsplassar i aluminiumsindustrien ikkje må reduserast. Dette må skje enten gjennom statlege verke-middel eller gjennom politisk press overfor ASV.

Råjernproduksjonen i Svelgen har i lengre tid vore truga av Elkem sine nedtrappingsplanar. I dag er situasjonen slik at 120 arbeidsplassar når som helst kan bli nedlagde.

- RV meiner at Elkem-konsernet må pressast til å halde oppe produksjonen ved ovn 4.

Både Årdal, Høyanger og Svelgen er utpeika som einsidige industri-stader i Buvik-utvalet si innstilling for industrirasering i Distrikts-Noreg. Medisinen som blir føreslått er omstilling.

- RV krev at heile Buvik-innstillinga blir avvist og at industrien i distrikta blir sikra ei framtid.

OLJE. Sogn og Fjordane er endå ikkje komme med i oljeindustrien.

- RV er for at fylket får tildelt sin del av oljeverksemda. Staten må gripa inn og dela opp dei store utanskjærsoppdraga, slik at desse kan "fylla hol" i ordrebøkene til verfta.
- RV er mot å auka takten i oljeutvinninga fordi det vil auka presset på annan industri.

Energi

Det er inga kraftkrise i Noreg!

Det elektriske forbruket utgjer mindre enn halvparten av energiforbruket vårt innanlands. Vi står ikkje framfor noko energikrise i Noreg. Derimot hevdar styresmaktene at ei KRAFTKRISE vil komme snart. Med "krise" i bakhand blir det no lagt opp til ein utbyggingsplan som kan føre med seg regulering av dei fleste attverande og omstridde vassdrag før 20 år er gått. Slik er den politiske prioriteringa sentralt. Men med allereie vedteken kraftutbygging vil vi få eit KRAFTOVERSKOT i 1990 ved gjennom-snittlege nedbørs- og tilsigsforhold. Då er medrekna ei opprusting av linenett, småkraftverk, betre samkøying. Kraftoverskot er det normale i norsk elektrisitetsforsyning. I 70-åra hadde vi 7 år med netto krafteksport tilsvarande meir enn 5 gonger Alta Kraftverk sin planlagde snittproduksjon. 1983 blir eit rekordår for norsk krafteksport. Krafta blir seld til Sverige for 6 øre/KWh!

Tørrårssikring.

- I dag har vi ei reell tørrårssikring på minimum 8 TWh, basert på omlegging mellom olje og elektrisk kraft. Dette gjeld installasjonar som allereie er konstruert for begge energikjelder. Difor kan omlegging for ein periode skje raskt og utan ekstra investeringar.
- Leveringskontrakter med avbrottsklausul fungerer og som tørrårssikring.
- Importrettar frå Sverige og Danmark kan nyttast.

Det må satsast meir på alternative energikjelder, slik som energiverk, varmeverk, industriell spillvarme, varmepumper, sol-, vind-, bølgekraft.

- Det må opprettast finansieringsordningar for lønsame energioekonomiserings-tiltak.
- Det må leggjast stor vekt på fylgjande:

- Bruk av tilfeldig kraft i elektrokjellar.
- ENØK i yrkesbygg, kraftintensiv industri, el.nettet, bustadar.
- Bruk av varmpumper.
- Ein ENØK-plan må utarbeidast for fylket.
- Avklaring i høve til Samla Plan for vassdrag må gjerast grundig, og ikkje som "hastesak".
- Vern om Gaula. Nei til utbygging av Naustdal/Gjengedalsvassdraget.
- Berg Breheimen frå både høg- og lågfallsutbygging!

Jordbruk I dag sysselset jordbruket i Sogn og Fjordane om lag 8 000 personar. Fleirtalet av desse driv på ulikt vis kombinasjonsbruk. I 1970 var talet 13 - 14 000. Sjølv om produksjonen har vore konstant i den siste 10-års perioden, er utviklinga alvorleg. Ein vidare nedgang i sysselsetjinga vil vere eit trugsmål mot busetjinga på bygdene.

RV ser positivt på ein effektivitetsauke i jordbruket, men krev at betre effektivitet må føre til betre arbeidstilhøve for bøndene, og ikkje færre sysselsette.

RV vil arbeide for å auke talet på sysselsette i jord- og skogbruk dei komande åra.

Overproduksjon: Jordbruksproduksjonen i Sogn og Fjordane har ikkje auka dei seinare åra. Bøndene i fylket kan difor ikkje lastast for overproduksjonsproblema. Dette er Staten sitt fulle og heile ansvar. RV ser det som svært viktig at ein allsidig jordbruksproduksjon får høg prioritet. Den politiske lina dei siste åra viser ein klår tendens til å nedprioritere jordbruket. Gjennom bruk og ikkje bruk av ulike verkemiddel har Staten påført bøndene store økonomiske problem, (jfr. fjerning av forbrukarsubsidiar på kjøtt). Ein naturleg konsekvens av å svekke norsk jordbruk må bli auka import av mat.

Å gjere Noreg avhengig av matimport får vidtrekkjande konsekvensar både for Noreg og dei landa vi importerar frå, som i stor grad er land i den 3. verda.

Auka matimport er med på å presse prisane på verdsmarknaden opp på eit uoverkomeleg nivå for folk i desse landa. For Noreg sin del vil mindre sjølbergning føre til matmangel i ein krisesituasjon.

Tiltak mot overproduksjon må rettast mot store bruk som har økonomi til å klare reduksjon eller omstilling. Dette gjeld både to-prissystem på mjølk og ei eventuell kraftfor-ordning. RV krev at det vert gjeve auka støtte til forskning.

Kapitaltilgongen i jordbruket:

RV kan ikkje godta at overproduksjon av jordbruksprodukt i dag senkar ei naudsynt utbygging av drivverdige bruk.

Reglane i Landbruksbanken må endrast, og fylket må gjere kva det kan for å hindre ein langvarig stans i bruksutbygginga.

RV vil prioritere midlar til nydyrking, grøfting og byggjing av jordbruksvegar.

Beredskap:

RV krev at fylket legg planar for mat- og brenselforsyning i ein krisesituasjon. Dette inneber m.a. beredskapslager for drivstoff til traktorar og landbruksmaskiner, beredskapsmaterieell og lager av såkorn til rask oppstarting av kornproduksjon i fylket.

Jordbruksskulane:

RV krev at elevtalet ved jordbruksskulane i fylket vert auka. Sogn og Fjordane må få eit eige utdanningstilbod innan skogbruk. RV krev at prisane for kost og losji ved skulane vert halvert. (Prisane har auka med nær 150% på 3 - 4 år).

Slakterisaka:

Det nye slaktehuset på Reset i Førde må ikkje føre til at arbeidsplassar ved dei andre slakterianlegga¹ i fylket går tapt.

Skogbruket:

Skogbruket vil om få år kunne vere ei viktig næring i Sogn og Fjordane. Dette vil m.a. kreve:

- Opplæringstiltak i skogbruk.
- Styrke rettleiingstenesta i fylket og kommunane.
- Støtte til skogeigarane ved kjøp av felles maskiner og reiskap.
- Auka støtte til skogsvegbygging.
- Støtte til treforedlingsanlegg i fylket.
- Sal av statsskogane i fylket til bruk med svakt driftsgrunnlag.

Fiske

Fisken er ein viktig nasjonal ressurs som må utnyttast på ein forsvarleg måte. Ein rett fiskeripolitikk er også avgjerande for å oppretthalde busetnaden mange stader langs kysten. Fiskeri er matvareproduksjon og difor viktig både for beredskapen i Noreg og elles for ei verd med mykje matmangel og svolt.

Det er tre store problem i fiskeria i dag:

- = Mangel på ressursar p.g.a. rovdrift på fiseslag som torsk, sild og makrell.
 - = Inflasjonen har ført til eit stort kostnadspress for fiskeflåten. Samstundes har fiskeprisane betalt til fiskarane stagnert. Dette har ført til dårlegare lønsemd for fiskarane, samstundes som båtane vert nedslitne.
 - = Oljeindustrien i Nordsjøen forsøplar i dag viktige fiskefelt, utan å rydde skikkeleg opp etter seg.
- RV stør reguleringar som fører til at ressursane vert bygd opp att og utnytta best mogleg.
 - Det må overførast meir pengar over fiskeriavtalen.
 - Oljeindustrien må utbetale erstatning i dei tilfelle der fiskarane må vike frå tidlegare fiskefelt.
 - Staten må kontrollere at oljeselskapa ryddar skikkeleg opp etter seg.

- Det må gjevast fleire konsesjonar til fiskeoppdrett, og på ein slik måte at det kjem Distrikts-Noreg til gode. Ingen konsesjonar til oljeindustrien.
- Det har vore fleire tilfelle av at den norske sel- og kvalfangstnæringa har drive rovdrift på desse ressursane. Likevel meiner vi at desse ressursane må utnyttast på line med andre, så lenge det er bestandsmessig grunnlag for det.
- Forskinga innanfor fiskeria må gjevast større midlar.
- RV vil gå imot vidare sentralisering av foredlingsindustrien.
- Råstoffet må foredlast der det vert ført i land.

Samferdsle

Sogn og Fjordane ligg langt etter resten av landet på samferdslesektoren:

- + Fylket har prosentvis flest innbyggjarar utan vegutløyising.
- + Fylket har generelt eit dårlegare rutetilbod enn andre fylke det er naturleg å samanlikne seg med.
- + Berre 10% av riksveg lengda i fylket fyller krava til vegnormalstandard (vegbreidde, dekke, akseltrykk, kurvatur)

Politisk press og lokale aksjonar har likevel ført til at fylket har fått eit betre samferdsletilbod. Men dei statlege løyvingane til samferdsla fylgjer same mønsteret som for all anna investering: Der det er mest profitabelt, der flyt også samferdslemidlane. Eit økonomisk tilbakeliggjande fylke som Sogn og Fjordane blir difor berre tilgodesett med småpengar. Dei knappe løyvingane gjer sitt til at dei ulike lokalsamfunna har blitt sett opp mot einannan på prioriteringslista til Norsk Vegplan. Dette er uheldig. For å nå fram kan ikkje fylket vere splitta mellom ulike prosjekt, men må stå samla bak kravet om ei langt større totalramme for samferdslesektoren.

Trass i privatbilen si viktige rolle i eit så grisgrendt fylke som vårt, meiner RV at det er grunnlag for å styrke kollektivtransporten, slik at denne vert grunnlaget for samferdsla. Dei som ikkje har eit fullgodt kollektivtransporttilbod bør få tilskot til privatbilhald eller kompensasjon for manglande tilbod. Sidan privatbilen, særleg her i fylket, vil vere det viktigaste transporttilbodet for dei fleste krev RV at avgiftene på vanlege bilar og drivstoff vert senka.

Vidare krev RV i Sogn og Fjordane:

- + Auka statleg støtte til ferge-, buss- og båtruter.
- + Vekk med frakttilllegg på bensin. Eins prisar over heile landet.
- + Blyfri bensin.

Vidare må

- + fylket vårt komme med på lik line med resten av landet i utbyggjinga av Tele/EDB-tenester
- + fjernsyn og FM-dekninga byggjast fullt ut
- + kortbaneflyplass på Bringelandsåsen byggjast
- + flyplassen i Florø byggjast ut.

Politiske signal tyder på at utbygging av samferdsle i fylket vert nedprioritert av styresmaktene. Fylket sitt svar på desse signala må vere å kaste overbord all husmannsånd. Det må vere heilt klårt at Sogn og Fjordane fylke har rett på

- + like godt utbygd samferdsle som elles i landet
- + like god vegstandard som elles i landet
- + like god trafikktryggleik som elles i landet

Mykje av årsaka til at fylket er næringsmessig og økonomisk tilbakeliggande kjem av dårleg utbygd samferdsle. Difor må det vere ei sentral fylkespolitisk oppgåve å sikre ein rask innspurt for å ta igjen resten av landet på samferdslesektoren. Dette burde fylkespolitikarane kunne samlast om og få gjort noko med.

Viktige prosjekt er m.a.:

- Vidareføring av sambandet Fjærland - Sogndal/Hella
- Vegutløysing for Årdal til Sogn og Fjordane
- Bru over Dalsfjorden og Norddalsfjorden
- Vegutløysing for Bremanger
- Vegbygging mellom Gudvangen og Underdal, Instefjord og Oppedal
- Standardheving på vegen frå Florø, mellom Høyanger og Nordeide og mellom Hella og Leikanger
- Heilårsveg over Vikafjellet
- Flåmsbana må opprustast og sikrast ei framtid.
- Bygging av Hestenesøyra - Kleppenes (Hyevegen) med to-felts vegbreidd.

Helse/sosial

RV meiner at mange av dei verkelege årsakene til helsemessige og sosiale problem ligg i forholda folk lever under, både i arbeid og fritid, kort sagt: samfunnsforholda. Difor står RV kampar mot sentralisering, nedlegging av arbeidsplassar, skadeleg arbeidsmiljø og andre forhold som er eit trugsmål mot folks helsemessige og sosiale tryggleik.

På den andre sida krev RV at det blir betalt for å rette opp dei skadane folk blir påførde. Det kan berre skje ved at styresmaktene byggjer ut eit helse- og sosialtilbod som dekkjer det reelle behovet.

Vi høyrer stadig om nedlegging av sjukehus, stenging av enkelte avdelingar, om eldre menneske som p.g.a. at dei ikkje fekk institusjonsplass blir funne døde i husværa sine, om menneskeskjebner som fylgje av psykiske problem, om alkohol og narkotika sine øudeleggingar osv.

Det meste av dette kan bli unngått dersom oljemilliardane blir brukte til å byggje ut helse- og sosialtilbodet.

Nedskjæringane på helse- og sosialsektoren blir frå sentralt hald marknadsført med at det er primærhelsetenesta som må styrkast. Vi er einige i at denne delen må rustast opp.

Men den sparepolitikken som no slår igjennom for fullt, fører til ei forringing av det totale helsetilbodet, både primær- og institusjonshelsetenesta. F.o.m. 1984 er ramme-finansieringsordninga foreslått innført for primærhelsetenesta. Denne nye ordninga betyr at staten årleg løyver eit visst tilskot som det blir påstått skal dekkje fylka sine behov. Når for små løyvingar gir seg utslag i nedlegging og/eller skrinlegging av nye prosjekt, kan dei sentrale styresmaktene berre vri seg unna med at det er fylka som har prioritert og fordelt feil.

- RV krev at:

- + Staten gir tilskot som svarar til 75% av utgiftene ved dei helseinstitusjonane som fylket finn nødvendig å byggje og drive.
- + Forslaget om rammefinansiering av primærhelsetenesta blir skrinlagt.

Innanfor store deler av helse- og sosialsektoren er det få budsjetterte stillingar og mange deler lir under manglande tilgang på kvalifisert personale. Dette betyr ofte ikkje berre at det blir drive rovdrift på dei tilsette og at tilbodet blir redusert. I enkelte tilfelle er problema så alvorlege at ein ved å bruke Arbeidsmiljølova kunne stengt heile avdelingar, og i verste fall heile institusjonar.

- RV krev difor ein økonomi som sikrar ei forsvarleg bemanning og ei kraftig utbygging av utdanningstilbodet for helse- og sosialpersonale.

Sjukehus.

DNA-regjeringa påla i 1971 fylket å byggje eit sentralsjukehus i Førde og nedleggje tre lokalsjukehus (Eid, Florø og Høyanger) etter at Sentralsjukehuset var komme i drift. I 1981 vart Høyanger sjukehus nedlagt. Fylket plasserte seg dermed på botn når det gjeld talet på senger i forhold til folketallet. Krisa i fylkesøkonomien gjer no at tilbodet til dei attverande sjukehusa blir redusert. I verste fall kan fleire komme til å følgje Høyanger sin lagnad.

RV krev:

- + Full oppretthalding av alle dei attverande lokalsjukehusa. Florø sjukehus må styrkjast i takt med den komande oljeaktiviteten utanfor kysten. Nei til sniknedlegging ved budsjettbarbering.
- + Prioritering av spesialfunksjonane ved Sentralsjukehuset og ikkje lokalsjukehusfunksjonar som trugar dei andre lokalsjukehusa.

Sjukeheimar.

Fylket har den nest største delen i % av eldre over 67 år i landet etter Oslo. Enkelte kommunar er oppe i nesten 25% medan landsgjennomsnittet ligg på ca. 12%. Departementet har planlagt ei sjukeheimsdekning som skal gje plass til 7,5% av innbyggjarane over 70 år. Dette er langt frå nok. Fylket har i dag plass til ca. 5,3%.

- RV krev at sjukeheimsdekninga i første omgang må oppfylle "7,5%-norma". På lengre sikt må sjukeheimstilbodet utbyggjast i samsvar med det reelle behovet.

Psykiatri.

Innan vaksenpsykiatrien manglar tilbod utover institusjonar for langtidsbehandling.

- RV krev at psykiatriplanen for fylket blir gjennomført og ikkje utsett eller redusert p.g.a. den økonomiske krisa i fylket.

Helsevernet for psykisk utviklingshemma (HVPU).

Fylket har etter kvart fått eit visst tilbod innanfor dette feltet, men tilbodet samsvarar langt frå med dei behova som finnst.

RV krev at denne gruppa blir gitt menneskeverd ved at det blir løyvt nok pengar til at skuletilbodet kjem opp på 1981-nivå.

- eit nytt fylkessenter for spesielt vanskelege klientar
- fleire lokalheimar ut frå det reelle behovet
- avlastningsplassar for klientar under privat pleie, og generelt fleire hjelpetilbod for pårørande
- verna arbeidsplassar og verna bustader

Primærhelsetenesta.

RV er for full opprustning av primærhelsetenesta. Ei godt utbygd primærhelseteneste vil sette oss i stand til å møte dei fleste helsemessige og sosiale problem der dei oppstår og løyse dei før dei er komne for langt. Men RV vil ikkje godta at ei slik utbygging skal gå på bekostning av institusjonshelsetenesta.

Sogn og Fjordane har i dag ei altfor dårleg utbygd primærhelseteneste. Det er dessutan ein del særskilte høve som må takast omsyn til ved den vidare utbygging av primærhelsetenesta.

- + Spreidd busetnad
- + Større %del eldre enn landsgjennomsnittet
- + Dårlig utbygd samferdsle og offentleg kommunikasjon.

Det er difor ikkje nok å stille krav om å komme opp på landsfjennomsnittet. Sogn og Fjordane må ha "overdekning" på ymse helse- og sosialtenester. Hovedproblemet i dag er staten sin politikk overfor kommunane og fylka. Staten gir ikkje kommunane økonomisk evne til å bygge ut ei forsvarleg primærhelseteneste.

Dette fører til at sektoren ofte ikkje eingong maktar å løyse problema på overflata, og endå mindre det som framfor alt trengst: Førebyggjande arbeid.

RV krev difor at staten:

- + Sørger for ein økonomi som gjer det mogleg å realisere eit forsvarleg helse- og sosialtilbod utanfor institusjon.
- + vel ein utdanningspolitikk som dekkjer behovet for spesialutdanna helse- og sosialpersonale.

Ungdom, skule og utdanning

I økonomiske krisetider er ungdommen ei av dei gruppene som først og hardast blir råka. Nedskjeringar i dei offentlege utgiftene råkar ungdom spesielt hardt fordi storparten av ungdom er under utdanning. I tillegg fører den elendige kommuneøkonomien til at fritidstilboda blir reduserte til det minimale. På alle felt blir ungdom sett på som ein utgiftspost og ikkje som samfunnet sin viktigaste ressurs.

RV tek avstand frå hetsen om kravstor og tiltakslaus ungdom. Vi krev at all ungdom må ha retten til eit meningsfullt liv - enten i form av arbeid eller skulegang. Dette er også det beste virkemiddel mot det aukande stoffmisbruket blant ungdom.

Vidaregåande skular.

Ei av dei store valkampsakene til Høgre ved valet i 1981 var ein betre vidaregåande skule. Hausten 1982 fekk mange oppleve kva Høgre-regjeringa meinte med det. Statusbudsjettet var beinskore og løyvingane til skuleetaten var uansvarleg små. Takka vere skule-aksjonen 1982 gjekk nedskjeringa på dette feltet ikkje gjennom.

Kampen om standarden i den vidaregåande skulen er ikkje vunne. Det blir i dag pressa 30 elevar i kvar klasse på gymnasa utan å opprette fleire lærarstillingar.

Yrkesskulane slit med dårleg og forelda utstyr. Den vidaregåande skulen er på veg til å bli oppbevaringsplass og/eller skjul for den store arbeidsløysa blandt ungdom.

RV krev:

- At standarden i den vidaregåande skulen skal betrast og ikkje forringast.

- † Små skular må få tildelt større rammetimar og ressursar
- + EDB-utdanninga må styrkjast
- † Fylket må skaffe tilstrekkeleg mange nye lærlingekontraktar
- + Ikkje fleire enn 25 elevar pr. klasse.
- + Mest mogleg likt skuletilbod same kvar ein bur i fylket.
- + Utbygging og opprustning av dei yrkesretta skulane i fylket.
- + Større valfridom innan skulen.
- + Alle læremiddel må gjevast ut på nynorsk og bokmål til same tid og pris.

Høgskulane.

Høgskulane er ein viktig ressurs for ein region.

- Fleire studentar kan få ei billegare utdanning.
- Mange ferdigutdanna vil verta verande i regionen.
- Undervisninga kan verta tilpassa behovet i regionen.

Utbygginga av den høgare utdanninga i Sogn og Fjordane er kome altfor kort.

RV går difor inn for at

- Sogndal Lærarskule må få tildelt nye stillingar så skulen vert i stand til å gje den høvdvendige breidde og fordjuping i studietilbodet.
- Sosialskulen i Flora må oppstartast straks.
- Sogn og Fjordane Distriktshøgskule må få nybygg på Kaupanger-skogen
- Fleire lærarar og meir pengeressursar.
- DH bør gje yrkeskompetanse
- Løyvingane til Sogn og Fjordane Sjukepleiehøgskule må aukast i takt med studentopptaket.

Studentbustader.

Mange må i dag bu under dårlege forhold, både når det gjeld koke- og vaskeforhold. For få hyblar på dei store skulesentra pressar og prisane opp.

RV krev

- at det vert bygd hybelhus på alle skulesentra
- at finansieringa av desse blir gjort på ein slik måte at husleiga vert så rimeleg som råd.

Vi stør dei aksjonane som har hatt som mål å unngå husleigeauke.

Stipend og lån.

I forhold til meirutgiftene ved å bu borte frå heimen dekkjer bortebruarstipendet mindre og mindre. Behovsprøvd stipend er nesten uråd å få. Låna vert dyrare og dyrare, og betalingsvilkåra verre. Heile 12 000 klarte ikkje å betale attende 1. kvartal i år.

Av dei som byrjar på studiane er det heile 50% som må ta seg jobb utanom for å få endane til å møtast. Dette er ein uholdbar situasjon.

RV krev at

- Bortebruarstipendet skal dekkje dei reelle utgiftene ved å bu borte frå heimen.
- Behovsprøvd stipend til familiar der inntekta er mindre enn gjennomsnittet. Når store forsørggaransvar krev det, skal det og gjevast stipend.
- Studielån til lågare rente og betre avbetalingsvilkår.

Vaksenopplæring på høgskulenivå.

RV krev auka bruk av dei ressursane som ligg i dei frivillige studieorganisasjonane og i høgskulane. Dette vil gjere utdanningstilboda på høgare nivå tilgjengelege for folk som ikkje er studentar.

Kultur

Det må ikkje bli kulturpause i krisetider. Arbeidsløyse og usikker framtid set store krav til eigenaktivitet og sjølvrespekt. Kulturaktivitet - og tilbød - er viktigare enn nokon gong. Statlege tilskot til kulturføremål er for låge. Styresmaktene forplikta seg på eit nivå på 100 mill. kr. innan 1980. Dette må oppfyllast.

Ta vare på historia.

Sogn og Fjordane har ein levande og tradisjonsrik bygdekultur. Men dette er ikkje alt. Vi synes det er på tide med tiltak som:

- + Fiskarsoge for Sogn og Fjordane
- + Få reist Kystmusees i Flora.
- + Vurdering av vern for båtar, farty, båtbyggjarkunst, fiskereiskap, sjøbuer, naust osv.
- + Soge frå arbeidarmiljø og fagforeiningsarbeidet på industristadene i fylket.
- + Ei steilare haldning mot rasering av eldre bygningsmiljø.

Song, musikk, teater, friviljuge organisasjonar.

- + Song og musikklivet må styrkast bl.a. gjennom fylkeskommunal stønad til instrumentkjøp og til instruktørar for korps, orkester, band og spelemannslag. Lokale grupper som satsar på eigenaktivitet må få nødvendig stønad, ikkje minst stader å øve.
- + Mange organisasjonar slåst med dårleg økonomi. Vi krev at alle organisasjonar skal tildelast midlar etter aktivitet, ikkje berre etter medlemstal.

Gje kunstnarane levelege vilkår! Kunstnarane i distrikta

er mellom dei som har dårlegast inntekt her til lands. Det er få kunstnarar her i fylket, men dei representerer ein ekspertise som er viktig for den samla kulturen.

- RV tek avstand frå den hetsen som kjem fram overfor kunstnarar sitt arbeid. Vi er for ein mangslungen kunst. RV vil arbeide for:
 - At fylkesstipend blir gitt utan vilkår om gjenyting.
 - At kunstnarane får gjennom kravet om 2% av byggesummen for offentlege bygg til utsmykking.
 - At fylket går i spissen for dette sjølv - og event. søker Kulturfondet om midlar.
 - At Kunstskulen i Førde blir godkjent som forutdanning til akademiutdanning og gjev amatørar full undervisning i alle disiplinær.
 - At det blir oppretta eigne etableringsstipend for kunstnarar i distrikta.

Tal dialekt, skriv nynorsk.

RV krev at folk fritt må få nytta dialekt og nynorsk skriftmål i alle samanhengar.

- + Nynorsk opplæring i fylkeskommunale og kommunale etatar.
- + Fylket må opprette stilling for målkonsulent.
- + Skulebøker skal komme til same tid og til same pris på nynorsk og bokmål.

Fritidstilbod.

Alle ungdommar har krav på eit tilfredsstillande tilbod etter skuletid. Eit godt tilbod er fritidsklubbar.

RV krev

- + Klubbar i alle tettstader der det er fleire enn 20 ungdommar.
- + Der det er store samlingar av ungdom: Klubbtilbod etter alder og spesialinteresser.
- + Ungdomssekretær i alle kommunar.

Beredskap

Forsvaret av Sogn og Fjordane er i stor grad bygd på innsatsen til Heimevernet, (HV 10), som er delt i Sjøheimevern og Heimevern. Staben for HV 10 ligg i Bergen. I tillegg har ordinære styrkar innanfor 10. regiment forsvarsoppgåver i fylket. Desse har møttestad på Voss og skytefelt på Mjølfjell.

Plenen om ein Vestlandsbrigade har enno ikkje blitt sett ut i livet. Forsvaret av fylket er svakt oppbygd, og har liten sjanse til å stogge fiendtleg framrykkjing gjennom fylket, eller landsetjing av framande troppar frå sjøen eller lufta. HV er i hovudsak utrusta med lette våpen og mykje forelda materiell, sjølv om ein no driv med utskifting av gamel våpen. Lokalvernbatalljonen som er knytt til 10. regiment på Voss må fraktast over Sognefjorden for å nå fram innsatsområda i fylket. Dei siste 6 - 7 åra har denne styrken berre hatt felttenesteøving i Sogn og Fjordane ein gong.

Sivilforsvar finst berre på nokre få større stader.

RV vil gå inn for tiltak som gjer den militære og sivile beredskapen i fylket sterkare:

- = Planen om Vestlandsbrigaden må gjennomførast, og naudsynte militære installasjonar for brigaden må byggjast ut med eigen mobiliseringsstad og stab i tilknytning til denne i fylket.
- = Styrkar med forsvarsoppgåver i Sogn og Fjordane, må få regelbundne og realistiske øvingar i fylket, i samarbeid med HV 10 og støtte-einingar frå sjøforsvar og luftforsvar.
- = Vi støttar fullt ut kravet om flytting av staben til HV 10. Staben bør liggje der ei militæravdeling har viktige forsvarsoppgåver.
- = Heimevernet må få større eldkraft gjennom tyngre våpen, og forelda våpen og utstyr må skiftast ut med ein gong.
- = Alle Heimevernseiningar må få realistiske øvingar og gerilja-opplæring.
- = Det må opprettast flyplassforsvar som kan hindre framande styrkar i å bruke dei 4 flyplassane i fylket til ilandsetjing av tropper og utstyr.
- = Den sivile beredskapen må byggjast ut, med varslingsanlegg og tilfluktsrom på alle stader der det kan vere fare for åtak i ein krigssituasjon. Sivilforsvaret må byggjast ut på alle større stader.
- = Alle kommunar må ha utarbeidd eigne beredskapsopplegg, som m.a. omfattar kriselager for mat, medisin og drivstoff.

RV vil stø alle tiltak som gjev folk betre høve til å gjere motstand mot ei framand okkupantmakt, også tiltak som førebur framleis væpna motstand når det ordinære norske forsvaret har brote saman.

RV vil gå inn for tiltak som gjer den militære og sivile beredskapen i fylket sterkare.

- = Planen om Vestlandsbrigaden må gjennomførast, og naudsynte militære installasjonar for brigaden må byggjast ut.
- = Styrkar med forsvarsoppgåver i Sogn og Fjordane, må få regelbundne og realistiske øvingar i fylket i samarbeid med HV 10 og støtte-einingar frå sjøforsvar og luftforsvar.
- = Vi stør fullt ut kravet om flytting av staben til HV 10. Staben bør liggje

KAP. V

For likestilling og nye kjønnsrollar

I vårt samfunn er kvinnene undertrykt som kjønn først og fremst fordi familiestrukturen hindrar retten til eit økonomisk sjølvstendig liv. Tilsynelatande har menn fordelar av denne undertrykkinga. Men også menn er pressa inn i ein kjønnsrolle som fungerer undertrykkjande og avstumpande.

RV er for at begge kjønn skal bli økonomisk sjølvstendige og fullt i stand til å ta omsorg for seg sjølv og ungane.

Full likestilling ligg langt fram i tida, men som viktige steg på vegen stiller vi i dag desse krava:

- * 6 timars arbeidsdag med full lønskompensasjon.
- * Kvinner har lik rett til arbeid - også i krisetider. Forsvar kvinnearbeidsplassane. Lik økonomisk kjønnsstatus i jordbruket.
- * Forby porno - ja til erotikk.
 - Opnare forhold omkring seksualitet - styrk seksualopplysninga i grunnskulen.
 - Mot diskriminering av homofile og lesbiske.
- * Sjøvvald abort utan tvungen rådgjeving. Helsepersonell sin rett til reservasjon må ikkje gå ut over abortsøkjande.
- * Radikal kjønnskvaltering for kvinner
 - under utdanning på typiske "guteliner"
 - i fagoppløring i arbeidslivet
 - i mannsdominerte yrke.
- * Kraftig utbygging av barnehagetilbodet.
 - Same refusjonsordning for barnehagar som for grunnskulen - og eit like sjølvsagt tilbod.
 - Bort med den kristne formålsparagrafen. Nei til livssynsmonopol.

KAP. VI

Vår kritikk av kapitalismen

Er det berre tilfeldige årsaker til dei økonomiske problema i vårt system? Er vi ikkje i stand til å skape eit rettferdig og stabilt samfunn utan kriser?

Raud Valallianse meiner det ikkje berre er mogleg, men også heilt nødvendig for at det norske folket i det heile skal ha noko framtid.

Med den stadig djupare økonomiske krise og den internasjonalt spente situasjonen, er ikkje spørsmålet om eit alternativ samfunn som å velja frå ei smørbrøddliste. Snarare må vi seie at dersom det norske folket er grisen, så er vi i ein situasjon der det snart er jul.

Eit "norsk Polen" kan komme før vi ynskjer å tru det. Når køane framfor arbeidskontora blir forlenga av matvarekøar, når open sosial naud blir ein del av kvardagen, når folk ikkje har råd til det mest nødvendige for å fungera, ja, kva då? Og kva når regjeringa ikkje lenger er i stand til å finna "midlertidige løysingar" eingong? Kan dette skje? Vi meiner det kan skje.

TA VONDET VED ROTA!

- DEN RRIVATE EIGEDOMSRETTE.....

I Noreg er det ei lita gruppe som sit med eige- eller disposisjonsretten over det vesentlege av kapital og produksjonsutstyr.

Denne gruppa av storkapitalistar står i eit beinhardt konkurransforhold både innbyrdes og i forhold til utanlandske "kollegaer". All produksjon i dette systemet skjer i hovudsak ut frå kva som gjev størst utbytte til ei kvar tid.

Behovet til folk er kun interessant i den grad vi er konsumentar av produkt. Verken porno- eller krigsleiety-industrien eksisterar fordi vi har noko verkeleg behov for desse produkta.

- KREV MAKSIMAL PROFITT.....

Ei naturleg fylgje av den grunnleggjande drifkrafta i kapitalismen er denne: Investeringar kan ikkje berre gje ei viss grad av avkastning, men vil trekkja dit det er maksimalt å henta.

Difor ser ein at sjølv om bedrifter går med millionoverskot, blir dei likevel lagde ned fordi dei ikkje gjev nok utbytte.

- OG FØRER TIL ANARKI OG PLANLØYSE.....

Fordi det er den "frie konkurransen", dvs. profittmotivet til den vesle gruppa av bedriftsherrar og aksjeeigarar som bestemmer kvar det blir investert, blir det anarki i heile produksjonen.

Så lenge skipsindustrien gjev høg kapitalavkastning og det internasjonale markedet kan ta unna produkta, produserar alle verfta på. Men etter kvart blir det sjølv sagt overproduksjon. Kapitalistane må vurdere nye og andre investeringsområde, permittere arbeidarar eller legge ned heile bygdesamfunn.

Eit nytt system: Sosialismen

Overproduksjonskriser med bedriftsnedleggingar, arbeidsløyse, tvangsflytting osv. er ektefødde born av kapitalismen.

Inga regjering vil dermed vere i stand til å løyse desse problema så lenge grunntrekka i systemet er uendra.

Difor seier vi SOSIALISME.

Dette må etter vårt syn vere eit system der:

- Arbeidsfolk - gjennom sine interesseorganisasjonar - har den reelle makta i staten. I dag har folk berre retten til 4.-kvart år å bestemme kven som skal administrere den staten kapitalen har makta over.
- Den private eigedomsretten over i første rekkje stor-konserna og finansveldet blir overteke av denne nye statsmakta.

- All produksjon blir lagt opp ut frå dei behova det norske folket har - gjennom ein omfattande plan.
- SOSIALISMEN MÅ.....
- Halde fast ved hemmelege, frie val og dei demokratiske rettane vi har i dag, som full tale-, trykke- og ytringsfridom.
- Sikra frie fagforeiningar og streikeretten.
- Sikra retten til politisk organisering og skiping av andre parti.
- Sikra personleg og individuelt rettsvern.

NOTATER :

VALET ER DITT!

- Synest du det er på tide å stoppa nedskjeringspolitikken i Sogn og Fjordane?
- Synest du det er nok med prat og ettergivnad frå daffe fylkespolitikarar?
- Synest du SV-representanten har synt at han ikkje er den store kontrasten?
- Synest du det trengs ein som er villig til å sei frå kva som skjer bak kulissane?
- Synest du det er på tide med ein verkeleg opposisjonell?

**Slepp ein ReV inn
i hønsegarden!**

STEM



LOOKIN' FOR ACTION ?

Raud Valallianse

LISTE

til fylkestingsvalet i Sogn og Fjordane 12. september 1983.



1. Sjukepleiar Åge Eitungjerde, 6800 Førde
2. Laborant Berit Hatteberg, 6900 Florø
3. Fiskeindustriarb. Geir Oldeide, 6700 Måløy
4. Sjukepleiarstudent Petrin Eide, 6800 Førde
5. Industriadbeidar Einar Rysjedal, 5900 Høyanger
6. Kunstnar Elisabeth Haarr, 6980 Askvoll
7. Industriadbeidar Olve Steinset, 6932 Kjelkenes
8. Gymnasiast Jorunn Storehaug, 6980 Askvoll
9. Industriadbeidar Tom Farsund, 6800 Førde
10. Bonde Jørgen Skåre, 6892 Hjelledalen
11. Trykkeriarbeidar Siv Enerstvedt, 5875 Årdalstangen
12. Lærar Solveig Berstad Sande, 5850 Balestrand
13. Lektor Asbjørn Geithus, 6860 Sandane
14. Gymnasiast Oddveig Lyngstad, 6840 Vassenden
15. Kommuneingeniør Asbjørn Engen, 5745 Aurland
16. Sjukepleiarstudent Venke Aarethun, 5890 Lærdal
17. Bonde Oskar Tenden, 6892 Hjelldalen
18. Psykolog Rita Østensen, 6800 Førde
19. Kulturarbeidar Fridtjof Urdal, 6900 Florø
20. Industriadbeidar Borghild Guddal, 6800 Førde
21. Lærar Atle Myhre, 6980 Askvoll
22. Arbeidsledig Kristin Blaaid, 6710 Raudeberg
23. Industriadbeidar Tormod Flatebø, 6800 Førde
24. Bibliotekar Kristin Ese, 5850 Balestrand
25. Anleggsarbeidar Jon Storehaug, 6834 Skilbrei
26. Kontorassistent Siv Kvernevik, 6900 Florø
27. Bonde Anders Braanaas, 6800 Førde
28. Lærar Bjørg Ladehaug, 6890 Oppstryn
29. Lektor Erik Halvorsen, 5800 Sogndal
30. Skipsrøyrleggjar Kjartan Hatløy, 5942 Hyllestad
31. Gymnasiast Berit Karin Løland, 5900 Høyanger
32. Arbeidsledig Kolbjørn Taklo, 6770 Nordfjordeid
33. Gymnasiast Brynhild Løken, 6900 Florø
34. Industriadbeidar Jan-Arve Lægred, 5875 Årdalstangen
35. Arbeidsledig Kjersti Kjelkenes Steinset, 6932 Kjelkenes
36. Bonde Rein Arne Golf, 5890 Lærdal
37. Sosialsjef Marianne Åm, 5850 Balestrand
38. Industriadbeidar Per Fimland, 6800 Førde
39. Adjunkt Kirsti Solheim Stegane, 6943 Naustdal
40. Snikkar Jan Myklebust, 6800 Førde
41. Husmor Ingrid Eide, 6860 Sandane